

Lindås Sanitetsforening  
v/leder Heidi Tykhelle  
Mongstadvegen 162A  
5955 LINDÅS

25. august 2014

Lindås Kommune  
v/ordfører og rådmann  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Søknad om utvikling av sansehage ved Lindås bu- og servicesenter**

Lindås Sanitetsforening viser til vedlegg med fremlegg til utforming og kostnadsoverslag for ein sansehage ved Lindås bu- og servicesenter.

I samarbeid med personalet ved Lindås bu- og servicesenter og representantar frå eigedomsavdelinga i kommunen, har Lindås Sanitetsforening fått utarbeidd denne planen, som vi no legg fram for rådmann og ordførar til handsaming.

Vi viser til side 3, der vi gjer greie for bakgrunnen for denne søknaden. Initiativet kom frå tilsette, og sanitetsforeninga støtta opp om denne gode idéen, ved å gje kr. 250.000,-, for å få etablert denne etterlengta sansehagen.

Dette kan bli eit viktig tiltak for rekreasjon og aktivitetar for bebruarane ved institusjonen, og ved å få til eit spleiseland mellom sanitetsforening og Lindås kommune, så har vi alle moglegheiter til å lukkast.

Utforming og plan, samt kostnadsoverslag er allereie utarbeidd i samarbeid med eigedomsavdelinga, så dette skal vera heilt i orden.

Lindås Sanitetsforening ber om at dette initiativet blir teke med i budsjettet for 2015, slik at ein snarleg kan få ein oppstart på eit etterlengta uteområde for dei eldre.

Vi i Lindås Sanitetsforening gjer gjennom heile året stor dugnad for lokalmiljøet vårt, til glede for både unge og eldre. Å få vera med å tilretteleggja ein sansehage er av stor verdi for oss.

Vi ser fram til eit godt samarbeid.

Med helsing  
for Lindås Sanitetsforening

Heidi Tykhelle

Vedlegg